



Statsforvalteren i Vestfold og Telemark

Postboks 2076  
3103 TØNSBERG

Dykkar ref.:  
Vår ref.: 22/00022-103

Trondheim 20.08.2024

Saksbehandlar: Agnes Raaness

## Svar til Frivillig vern av skog på privat grunn - høyring av verneplanar for fire nye reservat og utviding av eit eksisterande naturreservat i kommunane Midt-Telemark, Kviteseid og Seljord

Viser til høyring for frivillig vern av skog på privat grunn saksnr. 2023/5285.  
Vi har gått gjennom saksdokumenta og har følgande kommentarar og innspel.

### Kringsås naturreservat, Midt-Telemark kommune

I og ved forslaget til Kringsås naturreservat finst to registreringar i NGUs mineralressursdatabasar:

- Kringsås molybden, kor det var forsøksdrift på molybden 1915-1918 og som tidlegare er klassifisert å vere av liten eller ingen offentleg betydning. Kringsås vart vitja så seint som sumaren 2024 i samband med berggrunnskartlegging i Telemark. Resultata frå feltarbeidet er enno ikkje klare, men det er så langt ingen teikn på at registreringa bør omklassifiserast.
- Ransvik kis- kopar-registrering. Her finst tilnærma ingen informasjon tilgjengeleg, og utan nok og rett informasjon kan ein ikkje klassifisere denne registreringa.

### Utviding av Brokefjell naturreservat, Kviteseid kommune

Rett i utkanten av forslaget til den nordlege utvidinga av Brokefjell naturreservat har NGU to kopar-registreringar og ei registrering av pegmatittisk feltspat.

I DMF sitt fråsegn er dei referert til som Einangsdalen (kopar) og Eiangstølen (feltspat).

Dei to kopar-registreringene kalt "Einangsdalen" motsvarar truleg gamle Eiang gruve og Eiang skjerp i nærleiken av Eiangstaul. Det var prøvedrift på Eiang gruve på midten av 1800-talet, men etter det har dei fått lite merksemd. Eit forsøk på å finne att gruva i 1961 var mislukka.

Feltspat-registreringa "Eiangstøl" har det dessverre ikkje vært mogleg å finne meir informasjon om. Det er nemnd i eldre litteratur at Eiang gruve og Eiang skjerp opptrer i samband med pegmatittiske feltspathaldige gangar. Frå pågåande berggrunnskartlegging i Telemark (NGU 2024) er det godt kjend at det finst ei rekke små pegmatittar i området. Sjølv om både kvalitet og kvantitet på feltspaten ved Eiangstøl er ukjend, er det svært få, om nokre av pegmatittane i området som er av en storleik som vil være av interesse å utvinne i dag dersom kvaliteten skulle være rett.

Ta kontakt dersom der er ytterlegare spørsmål.

Med helsing

Kari Aslaksen Aasly  
Seksjonsleder

Agnes Raaness  
Forsker

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke håndskrevne signaturer.*